

Opning av Fellesmagasinet 14.04.2009  
ved fylkesordfører Torill Selsvold Nyborg

Kjære alle!

Gratulerer alle med dagen. Dette er ein merkedag for bevaringstenestene både her i fylket og nasjonalt!

Hordaland fylkeskommune var den fyrste fylkeskommunen i Noreg som etablerte komplette Fellestenester med magasin og konservering for sine tilskotsmusé. Det er ikkje noko nytt at Hordaland fylkeskommune tenkjer fellestenester for alle musea, og eit bevis på dette er at det er over 30 år sidan Tekstilateliet vart etablert, nemleg i 1978.

Det er også grunnen til at ein i dag, når ein går gjennom museumsmagasina, finn at tekstilane som gjenstandsgruppe er rimeleg godt tatt vare på. Dette er ei av dei skjøraste gjenstandsgruppene i den kulturhistoriske kulturarven vår.

Det er difor svært gledeleg at Tekstilateliet utgjer grunnstammen i Bevaringstenestene ved Museumssenteret i Hordaland og dei nye fellestenestene for alle musea i Hordaland. Samstundes vil eg understreke at når det gjeld tekstilkonservering, så er det bygt opp ein solid nasjonal kompetanse ved Bevaringstenestene.

Det er sjølvsagt ikkje gjort over natta å skaffa midlar til etablering av fellestenester slik vi no har fått i Salhus. Det tek tid, og eg skal gå igjennom litt av den lange vegen for Dykk, ved å vise til kva som har skjedd frå 1978 til i dag:

Eg nemnde opprettinga av Tekstilatelieret for dei halvoffentlege musea i Hordaland i 1978, som hadde ein konservator tilsett og var administrativt lagt under Vestlandske Kunstindustrimuseum.

I 1992 flytta Tekstilatelieret til Stend og vert administrativt lagt under H. Det vart då tilsett ny tekstilkonservator.

Så gjekk det 6 år før nokon kom på å 'dra te Salhus' i positiv tyding av omgrepet. Dette året, i 1998, kom utgreiinga "Dra te Salhus – utgreiing om fellestenester for musea i Hordaland". Så har det gått slag i slag med "Plan for Fellestenester for musea i Hordaland – Fellesmagasin og Fellestenester" i 2000.

Nokre år seinare, i 2003, tilsette Hordaland fylkeskommune prosjektleiar for byggjefasen. Så går det fort fram mot i dag med konsolidering med Norsk Trikotasjemuseum og Tekstilsenter i 2004 til det som då heitte Museumssenteret i Salhus. I 2005 vart tekstilkonservatorstilling nr.2 oppretta, og året etter flytta Tekstilatelieret inn i rehabilitert bygg i dei nyare delane av den tidlegare Salhus Tricotagefabrik.

I 2007 vart det så opning av Byggesteg I; konserveringsateliera ved Bevaringstenestene og i år vert kulturhistorisk konservator tilsett som leiar for Kulturhistorisk Atelier.

Så er vi framme ved dagen i dag med opninga av Fellesmagasinet for musea i Hordaland ved Bevaringstenestene i Museumssenteret i Hordaland.

No spør fleire seg kva kan dette ha kosta, og eg kan røpa at det ikkje vart dyrare enn nybygg. Med det vil eg slå eit slag for vern gjennom bruk som dette prosjektet er eit døme på.

Det er faktisk mogeleg å få fullgode løysingar for nye magasin i eit gammalt industribygg som dette. De kan berre sjå og vurdere sjølv. Dette er av det beste og fremste vi kan tilby når det gjeld bevaring av vår felles kulturarv her til lands.

Så var det pengane då;

Den økonomisk ramma for Byggesteg I og Byggesteg II har vore 8 millionar kronar til kjøp og utvendig arbeid og 40 millionar til ombygging og rehabilitering.

Fylkeskommunen har saman med Staten og private bidragsgjevarar investert 48 mill til fellesløysing for musea i Hordaland. For denne summen står det no vel 1300 m<sup>2</sup> ferdig innreidde magasinareal til disposisjon for musea i Hordaland, og gode konserveringsfasilitetar for Bevaringstenestene.

Samanlika med andre prosjekt, har det kome svært mykje ut av pengane som er investert. Hordaland er, som eg nemnde tidlegare, fyrste fylke på plass med fellestilbod til musea innan både konservering og magasin, samla i eit byggkompleks.

Musea vil i næraste framtid merke auken i magasinkapasitet, og Hordaland fylkeskommune forventar at musea vil merke ei stor forbetring av magasintilhøva i fylket vårt.

Vi ser det som sjølvklart at musea tek vel i mot tilbodet og tar aktivt del i innflytting og revitaprosessen. Sær viktig er det at musea gjennom desse prosessane vert inspirerte til digitalisering av samlingane, og Bevaringstenesta tek aktivt del i dette arbeidet med tilstandsvurdering og digital fotografering.

Det er eit eineståande tilbod musea her får med kostnadsfri tilgang til vel 1.300 m<sup>2</sup> magasinareal, og ikkje minst med fagleg oppfølging av gjenstandane som vert plasserte i Fellesmagasinet.

Hordaland fylkeskommune erkjenner at konserveringskapasiteten i innflyttingsfasen vil vere noko avgrensa fordi denne store oppgåva vil kreva ressursar frå Bevaringstenestene.

HFK vil arbeide for at det skal vere mogleg å oppretthalde kapasitet innan naudkonservering sjølv i innflyttingsfasen. Med ansvar for musea sine gjenstandar i Fellesmagasinet følger nye arbeidsoppgåver for Bevaringstenestene knytt til oppfølging av samlingane. Det er eit stort ansvar Bevaringstenestene no tek over.

HFK er stolt av ambisjonsnivået til Bevaringstenestene ved Museumssenteret i Hordaland, som allereie har opparbeidd seg eit ry som nasjonalt kompetansesenter innan tekstilkonservering, og i dag er det best utstyrte tekstilateliet i landet.

Aktiviteten har også ført til eit internasjonalt miljø ved Tekstilateliet med mange nasjonalitetar både i faste og lause stillingar. Kundelista er alt lang, og dette støttar også opp om ryet som nasjonalt kompetansesenter innan tekstil, med både hoff og kyrkje representert blant dei mange kundane.

Det er ein aukande interesse for bevaring, og Hordaland fylkeskommune ser det som svært positivt at Bevaringstenestene kan tilby konserveringstenester på

oppdrag frå heile landet både innan kulturhistorisk materiale og tekstil.

Takken i dag går til alle som har stått på og arbeidd målbevisst for å få dette til gjennom mange år!

Vi ser med glede på resultatet av dei investerte midlane og ser positivt på å utvikle Bevaringstenestene vidare. Vi ønsker Museumssenteret og alle musea i Hordaland til lukke med dagen og med den vidare bruken av Bevaringstenestene og fellesmagasina!